


**Protokollar**

**1992**

**Styre og**

**Rep. skap for**

**VØR**



# **VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK**

Postboks 24 6160 Hovdebygda

6

Det vart halde styremøte i Vold/Ørsta Reinhaldsverk tysdag 20/4-93 kl. 17.00 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Ove Lid  
Hans Ryste  
Svanhild Myklebust  
Kai Raaberg  
Per R. Mork

Einar Flø  
Kjetil Årøen

Styreleiar ynskje velkomen, og det var ingen merknader til innkaling og sakliste.

## **Sak nr. 15/93: Årsmelding og rekneskap 1992.**

Årsmeldinga og rekneskapet vart gått igjennom, og styreleiar og driftsleiar gjorde greie for dei tala som vart prsenterte.

Årsmelding og rekneskapet for 1992 vart samrøystes godkjendt.

## **Sak nr. 16/93: Omlegging og revidering av 1993 budsjettet.**

Budsjettet vart handsama på nytt i styret på grunn av omlegging til norsk standard. Det vart og teke med ein del reviderte postar.

På grunn av usemje om ordvalg, og namn på ein av postane (post6432), vart saka utsett til neste møte.

## **Sak nr. 17/93: Bygging av sorteringshall.**

På grunn av dei vanskane vi har med å ha tilfredstillande drift i Alida, er det ynskjeleg å bygge eit sorteringsanlegg for grovavfall. Dette vart drøfta i styret, men vedtaket vart utsett i påvente på uttale frå kommunene om avfallsplanen.

Driftsleiar fekk løyve til å gjere eit forprosjekt på hallen , for å kostnadsberekne han meir nøyaktig.

## **Sak nr. 18/93: Eventuelt.**

Orientering frå styreleiar om gjenomgang av fakturarutinene og avfallseminaret.

Møtet slutt.  
Kjetil Årøen

Postboks 24 6160 Hovdebygda

Det vart halde styremøte i Volda/Ørsta Reinhaldsverk tysdag 22/12-92 kl. 17.00.

Desse møtte:

Ove Lid  
Per R. Mork  
Kai Raaberg  
Karsten Myklebust (for Svanhild Myklebust)

Einar Flø  
Kjetil Årøen

Det vart innleiingsvis vedteke å sende ut sakspapira også til varamedlemer. Ellers var det ingen kommentarar til innkalling og sakliste.

(Av praktiske årsaker vart rekkefylgja i sakene endra, men dei vert reffererte i stigande orden.)

#### **Utsett sak nr. 38/92: Avsetting av midlar til profilering/informasjon.**

Driftsleiar la fram to tilbod på den praktiske delen av arbeidet. (Det tredje tilbodet var mangelfult, og gjekk dermed ut.) Det var Reklamehuset Ålesund A/S som totalt sett hadde det lågaste tilbodet, og det vart vedteke å nytte dette firmaet.

Det vart lagt fram to forslag på kor mykje vi skulle få utført i første omgang. Kvart av forslaga fekk to røyster, og det vart dermed det forslaget som omfatta færrest punkt som vart vedteke (førebels).

Vedtaket lyder:

Styret i reinhaldsverket går inn for at det vert kjøpt inn skilt til tre stk komprimerande bilar. Totalt kr. 10.800.-

Vidare eit skilt til bygget. Kroner 3.400,-  
Dekorstriper til tenestebil. kroner 1.000,-

Det vart under same sak vedteke å kjøpe inn arbeidsklede til dei tilsette.

Samrøystes vedtak lyder:

Styret i VØR går inn for at det vert sett av 46.000 kroner til innkjøp av profilerte firmakle.

#### **Utsett sak nr. 41/92b: Takstar på tøming av slamavskiljarar.**

Saka vart ikkje drøfta i dette møtet.

**Sak nr. 44/92: Revidert 1992 budsjett.**

Samrøystes vedtak lyder:

Styret i VØR godkjenner framlegget til revidert budsjett 1992.

**Sak nr. 45/92: Kjøp av ny komprimerande bil.**

Tilrådinga til vedtak vart vedteke samrøystes og lyder:

Styret i VØR rår til at det vert bestilt ein komplett bil av merke SCANIA P 93 ML4x2 A, med påbygg NORBA Linea RL 30. Total kostnadsramme inkl. investeringsavgift kr. 956.708,-.

Bestillinga forutset kommunale garantiar på lån i KLP.

**Sak nr. 46/92: Kjøp av to stk mobiltelefonar.**

Tilrådinga til vedtak vart vedteke samrøystes og lyder:

Styret i VØR går inn for at det vert kjøpt inn to stk mobiltelefonar innanfor ein kostnadsramme på kr. 17.858,- inkl. investeringsavgift.

**Sak nr. 47/92: Kjøp av tenestebil.**

Vedtaket var samrøystes og lyder:

Styret i VØR gir driftsleiar i samråd med andre brukarar i selskapet fullmakt til å kjøpe inn ein mindre tenestebil.

Dette må skje innanfor ei ramme på 200.000,- kroner inkl. investeringsavgift.

**Sak nr. 48/92: Vurdering av forprosjekt på anaerobt anlegg.**

Framlegget til vedtak vart vedteke samrøystes og lyder:

Styret i VØR går inn for å gjennomføre eit forprosjekt på anaerob handsaming av organisk avfall. Forutsetninga er at dei skisserte summane i støtte til prosjektet er reelle, og at kvar av kommunene yter ein tredjedel av kostnadane i eigeninsatsen.

**Sak nr. 49/92: Vurdering av kjøp av programvare for abonnentsregister.**

Det vart ikkje gjort vedtak i denne saka, men driftsleiar vart beden om å sjekke med dei to eigarkommunene om kva som skjer på datasida der. Dette for å hindre eventuelt innkjøp av programvare som eventuelt allereie finst i systemet.



**Sak nr. 50/92: Eventuelt.**

Dei tilsette sin representant la fram krav om tilsetting av Stein Egset som har gått fast som ekstrahjelp. Styret ville ikkje gjere noko vurdering av dette p.g.a. manglande saksutgreiing. Driftsleiar fekk i oppdrag å sjekke medorganisasjonane og KS om reinhaldsverket er pliktige til å tilsette Egset i og med den lange tenestetida hans.

Styreleiar la fram forslag til å ha fast styremøte ein gong i månaden som eit minimum. Resten av styret sa seg samde i dette, og fekk utlevert eit framlegg til møteplan for 1993.

Kjetil Årøen

# **VOLDA/ØRTSTA REINHALDSVERK**

## **Møtebok for representantskapet for Volda/Ørsta Reinhaldsverk.**

Det vart halde møte i representantskapet for Volda/Ørsta Reinhaldsverk 01.07.92. kl. 17 00 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:  
Magnar Bergheim  
Lars Tunheim  
Ingrunn Humberstet  
Ingrid Oppedal  
Marit Tranvåg  
Einar Flø

Ove Lid, styreleiar  
Kjetil Årøen, driftsleiar

Det vart bestemt at driftsleiar i reinhaldsverket sender ut innkalling/sakliste både til medlemmer og deira varamedlemmer. Dette for at også varamedlemmer skal ha høve til å vere budde dersom dei må møte på kort varsel. Vedlegg og saksutgreiing skal kun sendast medlemmene.

### **Sak nr. 03/92: Representantskapet sitt ansvar og oppgåver.**

Leiar Einar Flø i representantskapet ba om å få ein gjennomgang av vedtekter, lover og føresegner som regulerer drifta til selskapet.  
Styreleiar Ove Lid heldt ei utførleg utgreiing som vart teken til vitande.

### **Sak nr. 04/92: Rekneskap og årsmelding for 1991**

Rekneskapet og årsmeldinga vart lagt fram til gjennomgang, men på grunn av manglande revisjon og styrehandsaming vart handsaminga utsett til første møte etter ferien.

### **Sak nr. 05/92: Organisering og drift av reinhaldsverket.**

Det vart delt ut til alle medlemmer mapper der alle instruksar, organisasjonsplanar, avtaler, vedtekter osv. er samla.

I tillegg vart det orientert og svart på spørsmål om den daglege drifta og rutine i reinhaldsverket.

Driftsleiar vart pålagt så langt som råd er å syte for at dei kvitevarene som kjem inn er tomme for gassar. Dette kan gjerast ved å forlange at forhandlarane som tek inn brukte frysarar/kjøleskap, tappar av gassane før levering til Miljøstasjonen.

Representantskapet tok orienteringa til vitande.

### **Sak nr. 06/92: Drifta av VØR 1. halvår 1992.**

Det vart gitt ei kort orientering av styreleiar/driftsleiar om dei sakene styret og leiinga har arbeidd med denne tida.

Orienteringa vart teken til vitande.

### **Sak nr. 07/92: Lånopptak, mottak grovavfall.**

Samrøystes vedtak lyder:

Utbyggingsplanane på Miljøstasjonen skal vurderast vidare før invisteringar vert gjordt. Det heile må sjåast i samanheng med konklusjonar tekne utifrå den komande avfallsplanen.

For å løyse dei praktiske vanskane i Alida, går VØR til innkjøp av ein eldre beltegåande maskin.

Totalt låneopptak kr. 353.000,- inkludert invisteringsavgift.

## ***VOLDA/ØRTSTA REINHALDSVERK***

### **Sak. nr. 08/92: Avfallsplan**

Leiinga orienterte om at reinhaldsverket sjølve vil utarbeide denne planen. Det er teke kontakt med Mulvik A/S, og fått klarsignal om å trekke oppdraget attende. Det som står att er at kommunestyra endrar dei vedtaka som er gjorde i denne saka.

Representantskapet var samde i vurderingane, og tok orienteringa til vitande.

Etter møtet vart det sett av tid til ei synfaring på den nye grovavfallplassen og slamdeponiet i Alida. Styreleiar og driftsleiar orienterte om anlegga og planane vidare.

## MØTEBOK

År 1992 den 7. januar vart det halde møte i representantskapet for Volda/Ørsta Reinhaldsverk på Miljøstasjonen i Hovdebygda.

Desse møtte: Magnar Bergheim  
Einar Flø  
Anne Lise Fredly  
Ingrunn Humberstet  
Ingrid Opedal  
Marit Tranvåg  
Lars Tunheim  
Inger Valseth

Elles møtte: Jan Driveklepp (leiar i avtroppande rep.skap)  
Lars Petter Øye (leiar i avtroppande styre)  
Knut Brune, driftsleiar  
Jon-H. Martinussen frå administrasjonen

Det var ikkje merknader til innkalling eller sakliste.

SAK 01/92 ORIENTERING OM STATUS.  
Jan Driveklepp orienterte om representantskapet sitt arbeid generelt, og enkeltsaker under arbeide spesielt.

SAK 02/92 VAL AV LEIAR OG NESTLEIAR TIL REPRESENTANTSKAPET.  
Valet vart leia av Jan Driveklepp. Før sjølve valet vart det sømje om at ein skal følgje prinsippet om at skal vere leiar i representantskapet og styret frå forskjellig kommune, og at dette i prinsippet skal alternere frå valperiode til valperiode. Dette skal og gjelde for nestleiarane.

Som leiar vart det gjort framlegg om Einar Flø.  
Det vart ikkje gjort andre framlegg.  
Det vart ikkje kravd skriftleg røysting, og Einar Flø vart samrøystes valt til leiar i representantskapet for perioden 1992/1995.

Det vart gjort 2 framlegg til nestleiar:  
Anne Lise Fredly og Ingrunn Humberstet, som sjølv ba om ikkje å bli valt.  
Etter skriftleg røysting vart Anne Lise Fredly valt med 6 røyster, medan Ingrunn Humberstet fekk 2 røyster.

SAK 03/92 VAL AV LEIAR OG NESTLEIAR TIL STYRET.

Som leiar vart det gjort framlegg om Ove Lid. Det vart ikkje gjort andre framlegg. Det vart ikkje kravd skriftleg røysting, og Ove Lid vart samrøystes valt til leiar i styret for perioden 1992/1995.

Som nestleiar vart det gjort framlegg om Svanhild Myklebust. Det vart ikkje gjort andre framlegg. Det vart ikkje kravd skriftleg røysting, og Svanhild Myklebust vart samrøystes valt til nestleiar i styret for perioden 1992/1995.

Det var ikkje fleire saker til behandling. Møtet heva.

**MØTEBOK**

Det vart halde styremøte onsdag 2/12-92 kl. 17 00 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Ove Lid  
Svanhild Myklebust  
Per R. Mork  
Kai Raaberg  
Hans Ryste

Einar Flø  
Kjetil Årøen

Styreleiar yngste velkomen, og det var ikkje merknader til innkallinga og sakliste. Styreleiar bad om å få med ein del ekstra saker dersom tidsplanet heldt. Desse sakene kjem i tillegg til opprinneleg sakliste.

**Sak nr. 37/92: Refferat frå studietur og avfallseminar.**

Styreleiar og driftsleiar orienterte styret om nye impulsar og inntrykk vi har fått gjennom studieturen til Danmark og avfallseminar i Geiranger. Avfallseminaret var arrangert av fylkesmannen, og samla alle kommunene i fylket.

Styret tok orienteringa til vitande.

**Sak nr. 38/97: Avsetting av midlar til profilering/informasjonsmøte.**

Styret var ikkje nøgd med det som var lagt fram av underlag for vurdering av kostnadane. Det vart og stilt spørsmål om kor vidt VØR eig logoen som er utarbeidd. Det var og missnøye med at det var nytta ein del midlar til utarbeiding av originalar, og registrering av logoen før eigedomsspørsmålet var avklara.

Vedtaket var samrøystes og lyder:

Styret vedtek å få eit bod på å frikjøpe logoen frå Olav Baarøy. Dette for å stå fritt til å velge produsent av produkta.

Styret vil og ha inn fleire tilbod på den praktiske delen av arbeidet. Dette i tråd med gjeldande kommunestyrevedtak.

**Sak nr. 39/97: Prinsippdebatt om lønnsystemet i reinhaldsverket.**

Vedtaket i denne saka var samrøystes og lyder:

Styret står fast på at dei tilsette skal ha fast løn (8.00 - 16. 00), og at dei får gå etter fullført dagsjobb. Dersom tilsette tek fri før fullført dagsjobb, skal vedkomande trekkast etter timatalet som står att til 16 00.



**Sak nr. 40/92: Orientering om status og planar for 1993.**

Driftsleiar orienterte kort om kva som vert arbeidt med på annleggsida, og kva som vert prioritert neste år. Ein viktig del her er arbeidet med avfallsplanene for kommunene.

Einar Flø stilte ein del spørsmål om drifta, anlegga og ordninga generelt om slam.

Styret tok orienteringa til vitande.

**Sak nr. 41/92: Takstar på slamtøming.**

På grunn av at reinhaldsverket fekk beskjed frå Volda kommune om å vurdere takstane for 1993 på nytt, vart dette teke opp i styret .

Framlegget til vedtak vart vedteke samrøystes og lyder:

**Styret rår representantskapet til å halde avgiftene på det opprinnelige nivået (1400 kroner) for første tømmerunde. Grunngevinga for dette ligg i saksutgreiinga for styresak 41/92. Reinhaldsverket skal i god tid før neste tømmerunde ha avklara framtidig behandlingsmetode og kostnad for abonnenten.**

**Sak nr. 41/92 b**

Saka vart utsett på grunn av mangel på tid, og manglande svar på eit brev vi sende til Miljøvernavdelinga hjå Fylkesmannen.

**Sak nr. 42/92: Diverse innkjøp.**

Driftsleiar fekk løyve til å gjere følgjande innkjøp:

Telefax ( 4.500)  
Ny kopimaskin (11.000)  
Brannsikkert dokumentskap ( 13.000)  
Brannsikkert diskettskap (3.600)  
Teiknebrett m/utsyr (8.000)

Dette vert teke av postane 38.00.110, 38.00.120.

**Sak nr. 43/92: Vikarierende oppsynsmann**

På grunn av at oppsynsmannen er langtidssjukmeld, har vi internt tilsett Per Mork i denne halve stillinga. Per Mork får løn etter stillingskoden som oppsynsmann (50% stilling).

Samøystes vedtak.

Det vart halde styremøte for reinhaldsverket onsdag 300992 kl. 17.00.

Desse møtte:

Ove Lid  
Kai Raaberg  
Hans Ryste  
Per Mork  
Svanhild Myklebust

Einar Flø  
Kjetil Årøen  
Olav Baarøy (delvis)

Styreleiar yngste velkomen til møte, og det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

Vi hadde invitert Olav Baarøy som på førespurnad presenterte sitt forslag til logo og informasjonspakke. På grunn av dette vart sak 34/92 handsama først, men blir refferert i numerisk rekkefylgje.

**Sak nr. 33/92: Tilsettingsvilkår for driftsleiar.**

Prøvetida på seks månader gjekk ut i september, og styret drøfta om driftsleiar skulle tilsttast fast.

Det vart samrøystes vedteke å tilsette noverande driftsleiar i fast stilling.

Driftsleiar hadde på oppmoding frå styreleiar utarbeidd to ulike forslag til lønsavtale. Kai Raaberg kom med eit tredje alternativ som vart lagt fram for driftsleiar på møtet.

Fylgjande forslag vart vedteke og godkjendt av begge partar:

Stillinga er lønna i lønnstrinn 20.

Driftsleiar skal så langt som råd er avspasere opparbeidd overtid. Kvar overtidstime multipliserast med "overtidsfaktor" for å kome fram til oppspart tid.

Messe, kurs og seminar vert å rekne som vanleg arbeidsdag, og går ikkje inn under avspaseringsordinga. Reisetid utover arbeidsdag vert å rekne som overtid. Overtid som ikkje vert avspasert, skal betalast ut etter vanlege rutiner.

Driftsleiar har høve til å leige inn ekstern hjelp, for å hindre overdriven bruk av overtid.

Dersom det vert vesentlege endringar i instruksen for stillinga, kan desse vilkåra vurderast på nytt.

For stillinga gjeld 6 mnd. gjensidig oppseiing.

**Sak nr 34/92: Vurdering av logoframlegg. (ref sak 32/92)**

Vi fekk inn to forslag til logo for Volda/Ørsta Reinhaldsverk. Eitt frå Skilt og reklame i Volda, og eitt i frå firma Olav Baarøy. Baarøy presenterte i tillegg til logoen ein komplett ide til eit informasjonsprogram, og var i det høve invitert til å presentere dette på møtet.

Styret gjekk inn for å satse vidare på forslaget til Olav Baarøy, forutsatt at alt arbeide

skal utførast til fast pris. Dette vart lagt opp slik at driftsleiar og styreleiar saman med Olav Baarøy, utarbeidde forslag til etappar og prissette desse. Dette vert presentert på neste styremøte.

**Sak nr. 35/92: Erstatningsansvaret til VØR**

VØR vart presentert for eit krav på seks tusen kroner, for tap av sko som var plaser i ein svart sekk utanfor dei nye trygdebustadane ved aldersheimen i Ørsta. Saka vart refferert av driftsleiar, og styre vedtok å sende saka over til forsikringsselskapet vårt.

**Sak nr. 36/92: Diverse orienteringsaker**

Styret vart orientert om runda vi hadde på alternative rekneskapskontor, og søknad om fritak frå slamtøming frå Bondalseidet Sportskapell. Styret vedtok å sende saka over til kommunen for handsaming i HTS, som har forureiningsmynde i kommunen.

MØTEBOK VØR

Det var halde styremøte i Volda/Ørsta Reinhaldsverk på Miljøstasjonen onsdag 090992 kl 17.00.

Desse møtte:

Ove Lid

Kai Raaberg

Einar Flø

Per Mork

Svanhild Myklebust

Kjetil Årøen

Styreleiar ynskte velkomen, og det var ikkje merknader til innkalling/sakliste.

**Sak nr. 29/92: Revidert budsjett 1992.**

Styret godkjendte samrøystes forslaget til revidert budsjett for 1992, og rår representantskapet til å gjere likelydande vedtak.

**Sak nr. 30/92: Budsjett for 1993.**

Styret godkjendte samrøystes forslaget til budsjett for 1993, og rår representantskapet til å gjere likelydande vedtak.

**Sak nr. 31/92: Reise til messe i Danmark.**

Styret stemte samrøystes for å sende leiaren i representantskapet, styreleiar, ein representant for dei tilsette og driftsleiar på DanMiljø messa i Danmark.

**Sak nr. 32/92: Profilering av VØR**

Styret vedtok å gjere om vedtaket i sak nr 21/92, der reinhaldsverket la opp til ein logo konkurranse i skulane. På grunn av store krav til fagfolk i "jurien", kapasitetsvanskar i VØR og tidsaspektet, vart konkurransedelen omgjordt til ei oppfordring til skulane om å lage plakatar som reinhaldsverket kan nytte i marknadsføringa. Vi vil på denne måten få ein kontunierleg kommunikasjon med skulane.

Det vart vedteke å engasjere fagfolk til å kome med forslag til logo.

**MØTEBOK**

Det vart halde styremøte i Volda/Ørsta Reinhaldsverk 300692 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Hans Ryste  
Kai Raaberg  
Per Mork  
Svanhild Myklebust  
Ove Lid

Einar Flø, representantskapet  
Kjetil Årøen, driftsleiar

Det var ikkje merknader til innkalling/sakliste.

**Sakliste:****Sak nr. 23/92: Årsmelding og rekneskap.**

Samrøystes vedtak lyder:

Handsaminga av årsmelding og rekneskap vert utsett på grunn av manglande revisjon.

VØR tek kontakt med Voldarekneskap og Ørsta kommune for tilbod på føring av rekneskapen.

Fylgjande saker kom i tillegg til saklista etter ynskje frå styreleiar, driftsleiar:

**Sak nr. 24/92: Svar på brev frå Eldar Krøvel.**

Reinhaldsverket er blitt kontakta av Eldar Krøvel, som er interessert i eit samarbeid med kompostering av hageavfall. Dette er tenkt utført på eit areal nedanfor Miljøstasjonen.

Vedtaket var samrøystes og lyder:

Styret i reinhaldsverket vil ikkje ta stilling til innhaldet i brevet før ein er ferdig med avfallsplanen for kommunene. Kompostering er ein viktig del av den framtidige avfallshandteringa, men ein kan ikkje skilje ut kun hageavfallet. Her må ein ta med alt organisk avfall frå private og industri.

**Sak nr. 25/92: Avfallsplan**

Leiinga i reinhaldsverket arbeider aktivt med å registrere avfallsmengdene i distriktet. Dette for å sjå kva typer avfall som finst, men først og fremst for å få næringslivet til å nytte Miljøstasjonen.

Dette arbeidet er langt på veg det same som skal gjerast i utarbeidinga av avfallsplanen, og reinhaldsverket ynskjer på grunn av dette å ta over arbeidet sjølve.



**25/92 framh.:** Vedtaket var samrøystes og lyder:

Reinholdsverket tek kontakt med Mulvik A/S og kommunene for endring av vedtaka som er gjorde om å sette arbeidet vekk. Det må løyvast pengar til innleiging av ekstrahjelp til drift av Miljøstasjonen, for å få planen fram så snart som råd.

## MØTEBOK

Det vart halde styremøte i Volda/Ørsta Reinhaldsverk på Miljøstasjonen den 04.06.92.

Desse møtte: Ove Lid  
Svanhild Myklebust  
Jens Monsholm, for Kai Raaberg  
Hans Ryste  
Per R. Mork

I tillegg møtte : Einar Flø, representantskapet  
Kjetil Årøen, driftsleiar

Ove Lid opplyste at det var tre orienteringsaker i tillegg til saklista. Det var ingen merknader til saklista.

**Sak nr. 20/92: Grovavfallsplassen i Alida**

På grunn av dei store mengdene med grovavfall i Volda og Ørsta kommune, må reinhaldsverket revurdere planane med drifta av fyllplassen.

Vedtaket var samrøystes og lyder:

Volda/Ørsta Reinhaldsverk byggjer ut mottake for grovavfall på Miljøstasjonen, samtidig som ein legg til rette for dei som driv med konteinerdrift til å vere sjølvhjelpete i Alida.

For å få best utnytting av hola, kjøper VØR inn ein beltegåande maskin som held tippkanten ryddig, og sorterer avfallet for oppmaling på sikt.

Vedtaket forutset at det ikkje skal tilsettast eige personell for å ta imot grovavfall, og at Volda/Ørsta kommune garanterer for opptak av lån.

**Sak nr. 21/92: Profilering av VØR**

Reinhaldsverket skal bli meir synleg i samfunnet, og i første omgang skal det lagast ein logo.


Vedtaket var samrøystes og lyder:

VØR lyser ut til ein logokonkurransse, først og fremst mynta på skuleklassar frå 6. klasse og oppover. Utifrå enkle retningslinjer får elevane i oppgåve å lage ein enkel og stillistisk logo, og dei beste forslaga blir premierte med mindre pengepremiar. Logoen skal nyttast på bilar, konteinarar, firmakle osv.

**Sak nr. 22/92: Annulering av fritaksordningar**

Vedtaket var samrøystes, og lyder:

Styrt i Volda/Ørsta Reinhaldsverk går inn for å slette alle gjeldande fritak på renovasjon frå 01.01.93. Det skal annonserast gjennom lokal presse/radio om vedtaket, og frist for å søke om fritak for 1993 vert sett til 01.11.92.



## MØTEBOK

Det vart halde styremøte i Volda/Ørsta Reinhaldsverk på Miljøstasjonen den 30.04.92.

Desse møtte: Ove Lid  
Svanhild Myklebust  
Kai Raaberg  
Hans Ryste  
Per R. Mork

I tillegg møtte: Einar Flø, representantskapet  
Kristian Sandbakk, Miljøsrvice A/S  
Kjetil Årøen, driftsleiar

Ove Lid bad om å få handsama tre saker i tillegg til utsendte sakliste :

- Sak nr. 17/92: Budsjettendring, vedlikehaldspost
- Sak nr. 18/92: Dekking av bruk av privat telefon
- Sak nr. 19/92: Søknader om fritak på renovasjon

Av praktiske årsaker vart sak nr. 15/92 handsama først, i og med Kristian Sandbakk var møtt fram. ( I møteboka blir vedtaka skrivne i stigande orden).

Sak nr. 09/92: TRANSPORT TIL GRAUTNESET

Vedtaket var samrøystes, to-delt og lyder:

- a) Volda/Ørsta Reinhaldsverk inngår avtale med Vartdal Transport A/S, på transporten til Grautneset. Det blir skriven ny kontrakt mellom Vartdal Transport A/S og VØR, under forutsetninga at dei vilkåra som er sette i avtalen mellom Søre Sunnmøre Transportselskap A/S og VØR held seg opp att. Avtalen skal gjelde fram til 010893.
- b) Volda/Ørsta Reinhaldsverk skal sjå på, og greie ut om, alternativ transportløysingar. Ei arbeids-

Møtebok, sak nr. 09/92 framhald.

gruppe samansett av:

styreleiar Ove Lid,  
styremedlem Per R. Mork og  
driftsleiar Kjetil Årøen,

skal sjå på alternativa. Dette skal settast i  
samanheng med eventuelt kjøp av ny komprimerande  
bil.

Arbeidsgruppa skal ha konklusjonen klar i god  
tid før 010893.

Sak nr. 10/92: INNKJØP AV DIVERSE UTSTYR

Vedtaket var samrøystes, firedelt, og lyder:

- a) Det blir sett av kr. 40.000,-(u/mva) til innkjøp av datamaskin, programvare og datamøblar. Summen blir teken frå konto 38.00.110.
- b) Innkjøp av fax vert utsett til seinare, men ei ekstra telefonlinje skal innstalerast. Sum kr. 1.500,- (u/mva) blir teken frå konto 38.00.110.
- c) Styret set av ein sum på kr. 14.500,- (u/mva) til innkjøp av ein portabel mobiltelefon. Eksisterande mobiltelefon blir montert i Scania komprimatorbil. Summen blir teken frå konto nr. 38.00.110.
- d) For å redusere kostnadane på innleigd hjelp til vedlikehald, set styret av ein sum på kr. 15.000,- (u/mva) til innkjøp av div. verktøy. Summen blir teken frå konto 38.00.152.

Sak nr. 11/92: BUDSJETTENDRING PÅ OPPARBEIDING AV GROV-  
AVFALLSPASS.

Vedtaket var samrøystes og lyder:

Styret vedtek å føre pengar frå opparbeiding  
av slamdeponi, til utviding av grovavfallshole.

Konto nr. 38.00.420 bli endra frå 321.000,- til  
221.000,-.

Konto nr. 38.00.430 blir endra frå 423.000,- til  
523.000,-.

Sak nr. 12/92: Sjå neste side.



Sak 12 / 92 FULLMAKTER TIL DRIFTSLEIAR

Samrøystes  
Vedtaket er todelt og lyder:

Del 1: Driftsleiar får av styre fullmakt til å disponere dei budsjetterte postane. Styret skal ha tilsendt utskrift av inntekter/utgifter kvartalsvis.

Del 2: Nils Velle har saman med driftsleiar Kjetil Årøen alternativt styreleiar Ove Lid, fullmakt til å disponere konto nr. 6563 05 00987 og konto nr. 6563 05 04931.

Driftsleiar, alternativt styreleiar, har fullmakt til å underteikne selskapet sine oppgåver for meirverdiavgift.

Sak nr. 13/92: SEMINAR NRF, TRONDHEIM

Samrøystes vedtak lyder:

Styret set av ein sum på kr. 15.000,- til dekking av utgifter til seminar i Trondheim den 7,8 og 9. april.

Summen blir teken frå konto 38.00.291, og konto 38.00.230.

Sak nr. 14/92: ETTERGJEVING AV DEPONERINGSKOSTNADER TIL ØRSTA VENSTRELAG.

Vedtaket lyder:

Volda/Ørsta Reinhaldsverk returnerer kravet til Ørsta kommune, og gjer greie for dei kostnadane vi allereie har hatt på dette.

Med denne grunngevinga avviser VØR kravet som er oversendt.

Sak nr. 15/92: FORMELL HANDSAMING AV KONTRAKT MED MILJØSERVICE A/S.

Vedtaket var samrøystes under forutsetning at dei endringane som kjem nedanfor blir med i kontrakta, og godkjendt av kommunestyra/representantskapa i Volda og Ørsta.

Forslaga til endringar er som fylgjer:

Punkt nr. 1: Kontrakta lyder på tøming kvart andre år.  
Foreskriftene lyder på tøming kvart år.

Styret kjem med forslag til endring i foreskriftene til tøming kvart andre år på vanlege husstandar.

Hytter:

Kontrakta lyder på tøming kvart fjerde år.

# VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

12

Sak nr. 15/92 framhald

Foreskriftene lyder på tøming kvart tredje år.

Styret kjem med forslag til endring i foreskriftene til tøming kvart fjerde år.

Punkt nr. 2: Avstand frå veg endrast til 70 meter i kontrakta. Dette samsvarar med føreskriftene.

Punkt nr. 5: Kostnad med utsending av varsel, lastast reinhaldsverket.

Punkt nr. 7: Pris pr. husstand kr. 730,- (u/mva), uansett storleik. Ein forutset då at det er ein abonent pr. tank.

Punkt nr. 14: Dette punktet går ut.

Sak nr. 16/92: ENDRING AV LEIGEAVTALE MED MAGNAR LID.

Vedtaket var samrøystes og lyder:

Ordlyden i kontrakten blir endra frå 15 år til: 10 år, med rett til utviding med 5 år.

(Dette pga. tinglysing av kontrakten).

Sak nr. 17/92: BUDSJETTENDRING, VEDLIKEHALDSPPOST

Vedtaket var smrøystes og lyder:

Konto nr. 38.00.250 blir endra frå kr. 126.000,- til kr. 100.000,-.

Konto nr. 38.00.260 blir endra frå kr. 125.000,- til kr. 151.000,-.

Sak nr. 18/92: DEKKING AV BRUK AV PRIVAT TELEFON

Samrøystes vedtak lyder:

Driftsleiar skal ha godtgjort bruk av privat


Sak nr. 18/92 framhald


telefon etter staten sine takstar.

Sak nr. 19/92: SØKNADAR OM FRITAK PÅ RENOVASJON

Vedtaket var samrøystes og lyder:

Driftsleiar får fullmakt frå styret til å hand-  
heve tidlegare vedtak i "paralelle" saker.

  
Karl Pæby

  
Svanhild Myklebust

MØTEBOK

År 1992 den 18. februar kl. 1700 vart det halde møte i styret for Volda/ørsta Reinhaldsverk på Miljøstasjonen i Hovdebygda.

Desse møtte: Ove Lid  
Svanhild Myklebust  
Kai Raaberg  
Hans Ryste  
Per R. Mork

Elles deltok: Nils Velle frå Voldaregnskap AS

Innkalling til møtet vart gjort den 17.02.1992 pr. telefon.

Det var ikkje merknader til innkalling eller sakliste.

SAK 07b/92      DRIFTSLEIAR - LØNSPLASSERING



VEDTEKE SAMRØYSTES.



VEDTAKET LYDER:

Den nye driftsleiaren vert plassert i lønssteg 30, der månadsløna f.t. er kr. 19.521,92.

I prøveperioda, som er 6 månader, vert stillinga plassert i lønstrinn 29, der månadsløna f.t. er kr. 18.809,58.

Det var ikkje andre saker til behandling. Møtet heva.



## MØTEBOK

År 1992 den 11. februar kl. 1700 vart det halde møte i styret for Volda/ørsta Reinhaldsverk på Miljøstasjonen i Hovdebygda.

Desse møtte: Ove Lid  
Svanhild Myklebust  
Kai Raaberg  
Hans Ryste  
Per R. Mork

Elles deltok: Einar Flø, leiar i representantskapet  
Nils Velle frå Voldaregnskap AS

Det var ikkje merknader til innkalling eller sakliste.

### SAK 007/92 DRIFTSLEIAR - TILSETTING.

Det vart samrøystes vedteke at ein skulle tilsette driftsleiar og at det skulle settast opp ei prioritert liste på 3 personar. Ein kom fram til følgjande rekkefølge:

- 1.: Kjetil Årøen; Samrøystes.  
Framlegg frå dei tilsette: Kjetil Årøen.  
Framlegg frå styret (Raaberg): Kjetil Årøen.
- 2.: Gunnar Sporstøl; Samrøystes.  
Framlegg frå dei tilsette: Gunnar Sporstøl.  
Framlegg frå styret: Ingen.
- 3.: Svein Arnesen; 3 mot 2 røyster.  
Framlegg frå dei tilsette: Svein Arnesen.  
Framlegg frå styret (Raaberg): Arne Sætre.

### SAK 008/92 DRIFTSINSTRUKS GROVAVFALLSFYLLPLASS.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Framlegget til driftsinstruks for grovavfallsfyllplass vart godkjend med nedanstående redaksjonelle endringar: Punkt 4 vert punkt 1; Punkt 3 vert punkt 2; Punkt 1 vert punkt 3; Punkt 2 vert punkt 4.  
Driftsinstruksen i redigert stand ligg ved møteboka.

Det var ikkje andre saker til behandling. Møtet heva.

*Ove Lid*  
*Kai Raaberg*  
*Svanhild Myklebust*

## DRIFTSINSTRUKS GROVAVFALLSFYLLPLASS

Denne driftsinstruksen, vedteken av styret i Volda/Ørsta Reinhaldsverk den 11.02.1992, gjeld for grovavfallsfyllplassen i Alida. Driftsleiaren for reinhaldsverket forvaltar instruksen.

1. Generelt gjeld at grovavfall skal leverast og registrerast i Hovden.
2. For større mengder grovavfall kan det gjerast avtale om levering direkte i Alida.
3. Fylgjande avfallstyper kan leverast på fyllplassen, Alida
  - Rivingsavfall
  - Hageavfall
  - Metall som ikkje går til attvinning
  - Malingsemballasje der malingsrester er herda
  - Glas som ikkje går til resirkulering
  - Treverk
4. Andre typer avfall skal leverast på omlastestasjonen i Hovden.
5. Dersom leveransane inneheld ulike kategorier avfall, skal leverandøren sjølv syte for sortering, enten levering skjer i Alida eller i Hovden. Containerar for sortering skal vere utplassert på begge stadane.
6. Avgift skal innkrevast etter dei til ei kvar tid gjeldande avgiftssatsar.
7. Grovavfallsfyllplassen skal ha faste åpningstider som blir kunngjort i pressa og ved oppslag i Alida.
8. Porten i Alida skal vere låst utanom dei faste åpningstidene.
9. Flygeavfall skal unngåast.
10. Det skal utførast komprimering med jamne mellomrom, slik at volumbehovet blir minst mogleg.
11. Driftsleiar avgjer når og i kva omfang fyllinga skal tildekkast. Oppgjersform framgår av driftsavtale med Nautvik Knuseverk A/S.
12. Driftsleiar skal i god tid varsle Nautvik Knuseverk A/S for frigjering av volum. Oppgjersform framgår av driftsavtale med Nautvik Knuseverk A/S.

# VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

2

## MØTEBOK

År 1992 den 14. januar kl. 1700 vart det halde møte i styret for Volda/ørsta Reinhaldsverk på Miljøstasjonen i Hovdebygda.

Desse møtte: Ove Lid  
Svanhild Myklebust  
Kai Raaberg  
Hans Ryste  
Per R. Mork

Elles deltok: Einar Flø, leiar i representantskapet  
Knut Brune, driftsleiar  
Jon-H. Martinussen frå administrasjonen

Styreleiaren sa seg lei for at det bare vart gjeve munnleg innkalling til dette møtet, og grunn gav dette med at det hasta svært med dei sakene som skulle behandlast. Elles var heile styret, med unntak av Hans Ryste som ikkje var til stades på førre møtet, med på å fastsette tida for møtet.

SAK 005/92 KOMPRIMATORBIL - REPARASJON ELLER KJØP AV NY BIL.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Sjølv om det er ønskjeleg å kjøpe ny bil, kan ein av omsyn til manglande budsjettdekning ikkje gjere dette nå, men det skal arbeidast ut plan for behov for og fornying av transportmateriellet i framtida. Som straksløysing for å skaffe naudsynt bilmateriell skal det undersøkast om ein kan oppnå tilfredsstillande samarbeids-/leigeavtale med SSR om ein komprimatorbil. Dersom ein ikkje får til dette, skal den skadde komprimatorbilen settes i godkjend stand. Det er henta inn tilbod på reparasjon av bilen frå Møre Auto AS lydande på kr. 55.700,- eks. mva. Administrasjonen vert pålagd å hente inn tilbod frå fleire verkstader før eit eventuelt val vert gjort.

SAK 006/92 NY DRIFTSLEIAR.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Det skal sendast melding til søkjarane om at søknad er motteke. Det skal også opplysast at tilsetting vil verte prøvd gjort innan utløpet av februar 1992. Det skal settast opp liste over søkjarane til stillinga. Denne skal innehalde namn, alder og bustadadresse på søkjarane, og skal sendast til representantskapet.

1/2


Følgjande søkjarar, i alfabetisk rekkefølge, skal kallast inn til intervju:


Svein Arnesen, 45 år, 6100 Volda.  
Arnfinn Brautaset, 31 år, 6150 Ørsta.  
Per Heltne, 41 år, 6100 Volda.  
Edvard Solheim, 38 år, 6150 Ørsta.  
Gunnar Sporstøl, 57 år, 6150 Ørsta.  
Arne Sætre, 53 år, 6100 Volda.  
Kjetil Årøen, 28 år, 6150 Ørsta.

Desse skal vere med ved intervju:

Ove Lid, Svanhild Myklebust, Per R. Mork og Nils Velle.  
Ein skal be Randi Barstad ved rådmannskontoret i Volda om hjelp i samband med intervju.  
Intervju skal gjerast snarast råd.

Det var ikkje andre saker til behandling. Møtet heva kl. 1930.

  
Karl Røed

  
Svanhild Myklebust



# VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

## MØTEBOK

År 1992 den 7. januar vart det halde møte i styret for Volda/ørsta Reinhaldsverk på Miljøstasjonen i Hovdebygda.

Desse møtte: Ove Lid  
Svanhild Myklebust  
Kai Raaberg  
Per R. Mork  
Elles deltok Lars Petter Øye (leiar i avtroppande styre).  
Knut Brune, driftsleiar  
Jon-H. Martinussen frå administrasjonen.

Merknader til innkalling og sakliste: Ingen.

SAK 001/92 ORIENTERING OM STATUS.  
Lars Petter Øye orienterte om representantskapet sitt arbeid generelt, og enkeltsaker under arbeid spesielt.

SAK 002/92 VAL AV LEIAR OG NESTLEIAR.  
Dette ligg under representantskapet, og saka skal difor ikkje behandlast av styret.

SAK 003/92 FULLMAKTER.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Nils Velle har, saman med styreleiar eller nestleiar i styret, fullmakt til å disponere konto nr 6563 05 00987 og konto nr 6563 05 04931.

Styreleiar eller nestleiar i styret har fullmakt til å undertegne selskapet sine oppgaver for meirverdeavgift.

SAK 004/92 HAVARI GEARKASSE KOMPRIMATORBIL - REPARASJON ELLER KJØP AV BRUKT BIL.

VEDTEKE SAMRØYSTES.

VEDTAKET LYDER:

Administrasjonen vert beden om å få ei skriftleg vurdering av tilstanden på den havarerte bilen, samt kostnadsoverslag for istandsetting før ein tek stilling til korleis ein skal gripe saka an.

Det var ikkje andre saker til behandling. Møtet heva.